

Dialog og ytringsklima i eit meir polarisert samfunn

Uttale frå Kyrkjemøtet mars 2026

“Vi skal vere trufaste mot sanninga i kjærleik” (Efesarane 4,15)

I ei samtid prega av polarisering vil Den norske kyrkja bidra til eit ytringsklima prega av respekt og ansvarskjensle.

Den norske kyrkja er ei landsdekkande, demokratisk folkekyrkje. Vi er ei vedkjennande, tenande, misjonerande og open folkekyrkje, sameina i trua på den treeinige Gud. Vi er eit fellesskap som anerkjenner rikdomen som ligg i ulike ytringar, meiningar og teologiske tradisjonar.

Kyrkjemøtet vil lyfte fram det som bind oss saman. Som kyrkje er vi sameina i den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. Som menneske er vi sameina i eit felles menneskeverd. Som samfunn er vi sameina i eit felles mål om å skape gode og trygge liv for alle.

I samfunnet og i verda opplever vi aukande grad av polarisering og eit hardare ytringsklima. Desinformasjon og splittande handlingar har eskalert dei seinaste åra. Dette fører ofte til at vi vert dregne mot ytterkantar, heller enn å finne saman.

Vi er éi menneskeætt i eitt skaparverk. Det bør få følgjer for korleis vi gjev støtte og motstand til kvarandre. Kvaliteten på ytringsklimaet mellom oss påverkar kva vi kan få til saman. Den norske kyrkja er del av den offentlege samtalen, men også sjølv ein arena for det offentlege. Difor må kyrkja heile tida arbeide med korleis vi pratar med og om kvarandre, vi må tolke kvarandre i beste meining og møte motstemmer sakleg og med respekt. Vi er alle meir enn våre meiningar.

Dialog er eit botemiddel mot polarisering. Vi må vere villige til å la oss påverke utan å køyre over eller la oss køyre over. Det er ikkje eit uttrykk for relativisme, men gjer mogleg ein felles refleksjon. Eit opent ordskifte krev ikkje semje, men at alle vert gjevne rom for å kome til orde. Å oppriktig søke kunnskap, felles forventning om sannferdigheit og verdsetjing av kompetanse er grunnleggjande i dette.

Kyrkja må ha eit maktkritisk perspektiv på det offentlege ordskiftet, både i og utanfor våre fellesskap. Vi må reagere når einskildmenneske eller grupper vert utsette for urimelege påstandar, hat eller stigma.

Den norske kyrkja er til stades i alle lokalsamfunn. Kyrkjemøtet vil oppmuntre kyrkjelydar og kyrkjelege organ til å skape møteplassar for opne samtaler om tru, verdiar og samfunnsspørsmål. Vidare vil Kyrkjemøtet oppmuntre kvar og ein til å vere med og skape eit ytringsklima der vi sikrar reell ytringsfridom samstundes som vi arbeider for trygge samtalerom for alle. Slik vernar vi menneskeverd og fellesskap og

styrkar motstandskrafta i samfunnet, styrkar tillit, styrkar kvardagsdemokratiet.
Saman.

I trua på det gode i kvarandre vil vi møte våre medmenneske med gjensidig påverknad "mildt, audmjukt og tolmodig, så de ber over med kvarandre i kjærleik."
(Efesarane 4,2)